



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato: 01.12.2015
Vår ref.: 2014/22282-137
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Endringer i energiloven § 4-2 - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Viser til høringsbrev datert 9.11.15 om forslag til endringer i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven). Det er foreslått endringar i § 4-2 om utanlandsforbindelser.

Det har ikkje vore mogleg å handsame saka politisk innanfor den gjevne høringsfristen. Hordaland fylkeskommune ønskjer likevel å gje fråsegn i saka og under følgjer ei administrativ fråsegn basert på regionale planar og interesser.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030 legg føringar for energi- og klimapolitikken i fylkeskommunen. Strategi C slår fast at det overordna prinsippet for nettpolitikken er å «utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi». Underpunkt 8. utdjupar dette med følgjande «Utvikle distribusjonsnettet slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi». Fleire utanlandsforbindelsar vil leggje til rette for at fornybar energi, i form av fornybar kraft, kan erstatte fossilt basert kraftproduksjon i andre land. Med tanke på at stadig større delar av kraftproduksjonen i våre naboland også vil vere basert på fornybar kraft, som gjev utfordringar for leveringstryggleiken i desse landa, vil god overføringskapasitet vere sentralt for å utvide marknaden og skape balanse i kraftforsyninga. Opninga for at også private aktørar kan gjere dette vil kunne føre til fleire prosjekt og eit nett med større kapasitet og potensial for å gjere fornybar energi tilgjengeleg for å fortrenge fossil energi og slik vere med å oppfylle Strategi C – 8 i klimaplan for Hordaland.

Av strategi 3.6. C-9 i Klimaplan for Hordaland følgjer det at «Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energioverføringa må skje med minst mogleg energitap.(...)». Dette reiser spørsmålet om korleis kommersielle utanlandsforbindelsar utfordrar leveringstryggleiken der dei vert etablerte. Det er avgjerande for fylkeskommunen at forsyningstryggleiken i regionen må vere prioritert framfor kommersielle behov. Vidare vil det bli behov for utbygging av det innanlandske kraftnettet for å føre kraft fram til forbindelsane. Det er difor viktig å finne gode metodar for å knytte kostnadane på denne nettutvidinga eller –oppgraderinga til forbindelsane og at dei fordelast dit. Kraftnettet i Noreg står framfor store investeringar i tida som kjem og det er allereie i dag mange prosjekt i kø som ventar på å bli bygde ut. Prioriteringa mellom naudsynte nettoppgraderingsprosjekt er stram og det blir naudsynt med gode, gjennomsiktlege prosessar for å kostnadsføre prosjekt med hovudføremål å føre fram kraft til utanlandsforbindelsane. Dette for å hindre at forbindelsane vert unødig utsette, for at dei kjem i konkurranse med innanlandske prosjekt og for at lønsemda i prosjekta skal vere reell. Dette er grunngjeve i høringsuttale frå Samarbeidande kraftfylke, interesseorganisasjonen for fylkeskommunar med interesser innanfor vasskraft. Som medlem i organisasjonen viser vi til deira fråsegn for utfyllande kommentarar på dette og andre tema.

Strategi C – 11 slår fast at «Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonflikter. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.» Utanlandsforbindelsar er arealkrevjande og vil råke fleire ulike andre nærings- og brukarinteresser, i tillegg til områder med høg verdi av natur- og kulturminnevernomsyn. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd verdikart for delar av fylket gjennom arbeidet med Fylkesdelplan for små vasskraftverk, for å kunne lette forvaltinga av landskaps-, natur-, reiseliv- og friluftinteresser i slike saker. Det er viktig å sikre gode, gjennomslittige prosessar gjennom konsesjonsordninga for at alle omsyn vert teke i rett tid, og at desse er leiande for resultatet. Når det kjem til areal utanfor fylket, vil det vere sentralt at prosessane vert samkøyrde mellom landa kring Nordsjøen for å sikre ei god, berekraftig forvalting av havareala.

Fylket har stor kompetanse på relevant teknologi for utbygging av utanlandsforbindelser. Slike prosjekt er store og omfattande og vil kunne skaffe arbeidsplassar i ei tid då arbeidsløysa er på veg opp. Det er difor eit godt tidspunkt for denne typen prosjekt, då det vil vere mogleg å skaffe kompetent arbeidskraft til gjennomføringa av anleggsarbeidet og behovet for arbeidsplassar i denne sektoren er aukande.

I Hordaland er diskusjonen kring privat eigde utanlandsforbindelser aktualisert gjennom prosjektet North Connect, ein likestraumsleidning som etter planen skal starte i Sima i Eidfjord kommune. Kommunen er positiv til prosjektet og viser til at det vil kunne gi lokale skatteinntekter. Hordaland fylkeskommune ønskjer velkomen næringsprosjekt i fylket. Det er behov for næringsutvikling og vi ser det som viktig at det i samband med slike større prosjekt vert lagt til rette for størst mogleg verdiskaping. Ein bør vurdere å leggje fiber i samband med utanlandsforbindelsane, som del av infrastrukturutviklinga og for å auke potensialet for lokal verdiskaping.

Hordaland fylkeskommune er deltakar i Nordsjøkommissjonen, som har prioritert arbeidet med eit felles, maska nett for kraft i Nordsjøen. Nordsjøkommissjonen viser til at eit slikt felles nett vil kunne vere med å realisere det framtidige potensialet for aukande produksjon av fornybar energi i nordsjøområdet. Eit godt fungerande, maska nett vil krevje internasjonalt samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Dette er viktig å etablere for å sikre ein heilskapleg utvikling av nettet, og særleg viktig dersom ein vel å liberalisere eigarskapen. Vi viser her til høyringsuttale frå Nordsjøkommissjonen for ytterlegare detaljar.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Camilla Løvaas Stavnes - sakshandsamar frå sekretariat for Nordsjøkommissjonen